

Vedlegg 1 Statusrapport Handlingsprogram for Museumsplanen 2013

Handlingsprogrammet er eit verktøy for å nå måla i Regional plan for museum 2011-2015. Regional plan skal leggjast til grunn for kommunal, fylkeskommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Den regionale museumspolitikken har som hovudmål at musea skal vere profilerte samfunnsinstitusjonar. Ei viktig målsetting er såleis styrking av musea i høve kommunane, mellom anna som ressurs i kulturminne- og museumsfaglege spørsmål i lokalsamfunna i Hordaland. Fire tema er prioriterte i perioden: Kystkultur, industri, kunst og immateriell kulturarv.

Hovudtrekka i museumsplanen er i tråd med statleg museumspolitik, men er utforma på ein måte som skal gje forankring i regionale tilhøve og at fylkeskommunen i sterkare grad nyttar musea som tydelegare partnerar i den regionale utviklinga. Museumsplanen har til saman 46 tiltak fordelt på oppgåvene forvaltning, forskning, formidling og fornying. Ni av tiltaka har status som prioriterte tiltak. Dette gjeld:

Tiltak 1: Finansiering – drift og investeringar

Tiltak 5: Styrking av regionale ansvarsmuseum

Tiltak 8: Styrking av tematiske ansvarsmuseum

Tiltak 14: Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern

Tiltak 36: Etablering av hardingfelesenter

Tiltak 20: Etablering av Senter for industriarkiv og industrihistorie i Odda

Tiltak 32: Felles plan for samlingsforvaltning

Tiltak 34: Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og dei konsoliderte musea

Tiltak 42: Musea i samfunnsdebatten

Måloppnåing

I 2013 vart det løyvd 4 millionar kroner til å følgje opp museumsplanen, inkludert tilleggsøyving på 2 millionar kroner til utstillingar.

Av museumsplanmidlane i 2013 er det gitt løyvingar til dei prioriterte tiltaka 1,5, 8, 36, 32, 34 og 42 på til saman kr. 3,5 mill. kr.

Musea si samhandling med kommunane er auka i programperioden. Fylkeskommunen har gjennom delfinansiering av to bygningsvernkonsulentstillingar til Museum Vest og Sunnhordaland museum gitt feltet eit løft. Dette har skjedd gjennom ei samla løyving på 1,2 mill. kroner i 2012 og 2013 til 2-årige prosjektstillingar. Satsinga på bygningsverntenesta fell inn under tiltak 14. Sunnhordland museum har hausten 2013 lyst ut stilling som museumskonsulent, medan Museum Vest har tilsett bygningsvern-konsulent frå august 2013.

Kjerneområde Fornyning

Musea i Hordaland har store økonomiske utfordringar både når det gjeld drift og investeringar. Det er avgjerande at situasjonen vert vesentleg betra i planperioden. Ei prioritering av auka driftsmidlar er ein føresetnad for at musea kan utføre samfunnsoppdraget. Auka fokus på samfunnet ikring vil også synleggjere musea si verksemd og såleis auke publikumstalet og eigeninntekter.

Økonomi

Delmål Musea skal ha ein økonomi som set dei i stand til å kunne utføre sitt samfunnsoppdrag

Tiltak	Status	Tilråding
1 Finansiering – drift og investeringar	<ul style="list-style-type: none"> • Indeksregulert justering i budsjett for 2013 • 400 000 kr til sikringstiltak, omfattar tjuveri, klima og brann. • 2 mill. kr til utstillingar 	<p>Dette er eit prioritert tiltak. For å nå målsettingane i Regional plan for museum 2011-2015 må det vurderast ei ytterlegare styrking av denne posten.</p> <p>Ein vil foreslå at det i handlingsprogrammet for 2014 også vert sett av midlar til sikringstiltak (sjå sak 64/13)</p> <p>Framlegg: Held fram</p>
2 Kulturelt utviklingsprogram	<ul style="list-style-type: none"> • Nynorsk kultursentrum etablering av basisutstilling/nettutstilling Olav H. Hauge-senteret (2011-2013), 850 000 kroner fordelt på tre år. 	<p>KUP har vore ei viktig ordning for større satsingar. Ein bør utarbeide programsatsingar som gjer det mogleg å søkje midlar for fleire museumsprosjekt.</p> <p>Framlegg: Held fram</p>

Organisasjon

Delmål Musea skal utviklast som solide organisasjonar slik at dei best mogleg kan utføre sitt samfunnsoppdrag

Tiltak	Status	Tilråding
3 Museumsstrukturen - Vurdering av vidare konsolideringar	<p>Det er for tida ingen nye prosessar knytt til vidare konsolidering i Hordaland</p>	<p>Endringar i museumsstrukturen kan berre gjerast etter politisk handsaming i Hordaland fylkeskommune, til dømes om det oppstår behov i musea eller kjem initiativ frå kommunar eller statlege organ som gjer det naudsynt å ta opp spørsmålet på nytt.</p> <p>Framlegg: Tiltaket går ut og vert vurdert i samband med ny kulturplan</p>
Tiltak 4 Museum utanom dei konsoliderte musea-samarbeidsordningar	<ul style="list-style-type: none"> • Sunnhordland museum har fått 50 000 kroner av museumsplanmidlar til sitt ansvar for maritim industrihistorie. Museet har hatt møte med Stord kommune og Hordaland fylkeskommune i 2013, og har utarbeidd forslag til utstilling på Stord Maritime Museum. • Museum Vest har levert utgreiing om Espeland fangeleir til diskusjon (25 000 kr av museumsplanmidlar 2012), og arrangerte seminar om Espeland fangeleir i november. • Radøy kommune arrangerte møte for å diskutere Bogatunet og Syltastova i januar 2013. Kommunen og Museumssenteret har levert forslag til prosjektplan. • Hardanger og Voss museum, 50 000 kroner av museumsplanmidlane til utgreiing om Dagestad folkemuseum. Prosess i gang. • Masfjorden kommune har bede om møte med Hordaland fylkeskommune knytt til Bjørn West-museet. Møtet blir i februar 2014. 	<p>Prosessar er i gang.</p> <p>Framlegg: Held fram</p>

Regional og fagleg rollefordeling

Delmål Museumspolitikken skal forankrast i regionale tilhøve. Gjennom styrking av regionale ansvarsmuseum og tydeleggjering av den regionale rolla, skal alle museumsverksemder i Hordaland få eit fagmiljø å halde seg til. Som ein del av dette, må det skje ei formalisering og styrking av det kommunale engasjementet på museumsområdet

Tiltak	Status	Tilråding
5 Styrking av regionale ansvarsmuseum	<ul style="list-style-type: none"> Til saman vart det gitt ei løyving på 100 000 kr i 2013 (sjå tiltak 4) Tilsetjing av bygningsvernkonulentar ved Museum Vest (aug. 2013) og Sunnhordland museum (tidleg 2014) styrkjer ansvarsmusea si rolle. 	<p>Dette er eit prioritert tiltak. Styrking av dei regionale ansvarsmusea i samsvar med Regional plan for museum 2011-2015 vil fortsette i 2014.</p> <p>Framlegg: Held fram</p>
6 Ivaretaking av frivillig sektor	<ul style="list-style-type: none"> 150 000 kr av museumsplanmidlane til tiltak 32 Felles plan for samlingsforvaltning går til arbeidet med private og kommunale samlingar i Nordhordland. Prosjektplan vart utarbeidd våren 2013, Museumssenteret i Hordaland. 	<p>Hordaland fylkeskommune må leggje til rette for så god samhandling som mogeleg mellom frivillige og musea. Det er viktig å få oversikt over samlingane (sjå tiltak 32)</p> <p>Framlegg: Held fram</p>
Tiltak 7 Styrking av Hordaland fylkeskommune si rolle overfor museum	<ul style="list-style-type: none"> Spesialrådgjevar for museum tilsett i november 2012 	<p>Oppfølging av museumsplanen er viktig for å tydeleggjere og styrkje den regionale kulturpolitikken. Kapasiteten til å følge opp musea er auka.</p> <p>Framlegg: Tiltaket er gjennomført</p>

Delmål Faglege ansvarsmuseum skal ha klart definerte roller i museumslandskapet

Tiltak	Status	Tilråding
8 Styrking av tematisk ansvarsmuseum	<ul style="list-style-type: none"> Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum skal greie ut si rolle som tematisk ansvarsmuseum (150 000 kr). KODE fekk løyving i 2012. <p>Resultata av utgreiingane skal ligge føre på slutten av 2013.</p>	<p>Dette er eit prioritert tiltak. KODE-Kunstmuseene i Bergen, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Baroniet Rosendal er tematiske ansvarsmuseum. I 2014 midlar til Baroniet Rosendal.</p> <p>Framlegg: Held fram</p>
9 Klargjering av Bergen Museum si regionale rolle	<ul style="list-style-type: none"> Universitetsmuseet i Bergen er med i faggruppe for Kulturminnevern og museum i Kulturplanarbeidet 	<p>Universitetsmuseet i Bergen er statleg med mange fagfelt, både kultur- og naturhistoriske. Med si forankring i Universitetet i Bergen er museet ein viktig ressurs i styrking av forskingsrelaterte aktivitetar ved dei konsoliderte musea.</p> <p>Framlegg: Held fram</p>

Nasjonalt og internasjonalt samarbeid

Delmål Det skal stimulerast til samarbeid og nye tiltak som kan styrkje dagens museumsarbeid nasjonalt og internasjonalt

Tiltak	Status	Tilråding
10 Museum får ansvar for formidling av verdsarv	<ul style="list-style-type: none">• Bymuseet og Museum Vest har ansvar for formidling av verdsarvstaden Bryggen. Har fått prosjektstøtte frå HFK til digital formidling i 2011 og 2013 (ikkje frå museumsplanmidlane)	Bymuseet og Museum Vest skal i fellesskap løfte formidlinga av verdsarvstaden. Framlegg: Held fram
11 Vidareutvikling av økonomuseum (Economusé)	<ul style="list-style-type: none">• Ingen initiativ frå fylkeskommunen for å inkludere dei konsoliderte musea	Framlegg: Held fram
12 Stimulere musea til å ta del i internasjonalt arbeid	<ul style="list-style-type: none">• Museumssenteret i Hordaland har samarbeid med Frankrike om utstillinga Meeting Point Wood. Dei har arrangert workshop.• Museum Vest har besøkt aktuelle samarbeidspartnarar i Basse-Normandie. Museet har presentert forslag til felles utstilling.	Hordaland fylkeskommune skal ha eit aktivt internasjonalt engasjement. Musea har ein viktig rolle i det internasjonale arbeidet. Framlegg: Held fram
13 Etablering av nettverk for mellomalderklostra og pilgrimskyrkjene på Vestlandet	<ul style="list-style-type: none">• Sunnhordland museum fekk midlar til dette tiltaket i 2012 av museumsplanmidlar. Tiltaket er ikkje ferdigstilt	Framlegg: Held fram

Kjerneområde Forvaltning

Fokus på samlingane må aukast. Det må skje ei sterkare prioritering av arbeidet med den immaterielle kulturarven og samtidsdokumentasjon. Musea i Hordaland skal vere i fremste rekke nasjonalt på det digitale området. Ei viktig fellessatsing er Bevaringstenesten ved Museumssenteret i Hordaland. Denne satsinga må halde fram. Tre gjenstandsgrupper fell utanom: større gjenstandar, fotografi, kunst i kategorien maleri og grafikk/papir.

Sikring og bevaring av samlingar og kulturminne

Delmål Musea skal styrkast i arbeidet med kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern.

Tiltak	Status	Tilråding
14 Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern	<ul style="list-style-type: none">• Bygningsvernkonsulent. Sunnhordland museum. Delfinansiering kr. 300 000. Stillinga er lyst ut. Tilsvarande løyving også i 2012.• Bygningsvernkonsulent. Museum Vest. Delfinansiering kr. 300 000, tilsetjing frå august 2013. Tilsvarande løyving også i 2012.• Hordaland fylkeskommune har hausten 2013 utarbeidd prosjektplan for <i>Styrking av kulturminnekompetanse i kommunane</i>. Her vil bygningsvernkonsulentane ved musea ha ei særskild viktig rolle	Feltet må utviklast i tråd med tiltaka i punkt 5. Framlegg: Held fram

Delmål Musea sine samlingar skal sikrast og bevarast best mogleg og gjerast tilgjengeleg for publikum og forskning

Tiltak	Status	Tilråding
15 Utviding og utvikling av Bevaringstenestene, Museums-senteret i Hordaland	<ul style="list-style-type: none"> Utvikling av ei profesjonell bevaringsteneste for alle musea, sak 60/12 i fylkestinget med samla kostnad 48,4 millionar kroner. 	Tiltaket vert sett i samanheng med tiltak 32 Felles samlingsforvaltingsplan for musea. Er eit satsingsområde i resten av planperioden. Framlegg: Held fram under tiltak 32
16 Utgreiing av nye fellestenester for bevaring og konservering av større gjenstandar	<ul style="list-style-type: none"> Det er ikkje gjort noko felles arbeid knytt til denne problematikken 	Framlegg: Tiltaket går ut. Vert å kome attende til i kulturplanarbeidet
17 Utgreiing av nye fellestenester for fotografi	<ul style="list-style-type: none"> Det er ikkje gjort noko felles arbeid knytt til denne problematikken i 2013. 	Vert å kome attende til i 2015. Framlegg: Held fram.
18 Nye fellestenester for konservering av biletkunst og skulptur	<ul style="list-style-type: none"> KODE – Kunstmuseene i Bergen løyving til utgreiing om regional knutepunktfunksjon ,sjå tiltak 8. Utgreiinga skal utarbeidast i 2013 	Framlegg: Held fram
19 Nye fellestenester for konservering av papir, digitalisering og bevaring av elektroniske data og elektronisk skapte arkiv	<ul style="list-style-type: none"> Førebels ingen tiltak Byarkivet har eit særleg ansvar 	Framlegg: Held fram
20 Etablering av Senter for industriarkiv og industrihistorie i Odda (SINDARK)	<ul style="list-style-type: none"> Odda kommune har sett av 800 000 kr til prosjektleiing av SINDARK. Kr. 100 000 frå museumsplanmidlar i 2012 Senteret opna i november 2013 	Framlegg: Tiltaket er gjennomført.
21 Registrering og formidling av arkiv	<ul style="list-style-type: none"> Førebels ingen tiltak 	Arbeid skal starte opp med møte med musea i 2014 for å diskutere ulike driftsløysingar. Framlegg: Held fram
22 Ordning og registrering av museumsbiblioteka	<ul style="list-style-type: none"> Førebels ingen tiltak 	Framlegg: Tiltaket går ut. Vert å kome attende til i kulturplanarbeidet
23 Forvaltning av kunstnarheimar	<ul style="list-style-type: none"> 100 000 kr til KODE for utgreiing om kunstnarheimar 	Framlegg: Held fram
24 Sorenskrivargarden på Hesthamar	<ul style="list-style-type: none"> Ullensvang herad har lagt fram plan for istandsetjing og sikring. Det er sett ned ei arbeidsgruppe (2011) 100 000 kr av museumsplanmidlane til nødvendige tiltak 	Framlegg: Held fram
25 Oppretting av eit nasjonalt jordskiftesenter	<ul style="list-style-type: none"> Førebels ingen tiltak og ikkje prioritert av Hardanger og Voss museum eller Ullensvang herad 	Framlegg: Tiltaket går ut. Vert å kome attende til i kulturplanarbeidet
26 Kulturlandskap	<ul style="list-style-type: none"> Førebels ingen tiltak utover Kulturlandskapsgruppa hjå Fylkesmannen i 	Framlegg: Held fram

Samfunnet og samlingane

Delmål Forvaltninga av samlingane knytt til krigs-, okkupasjons og forsvarshistorie skal styrkast, saman med auka forskning og formidling innan fagfeltet

Tiltak	Status	Tilråding
27 Krigs- okkupasjons og forsvarshistorie	<ul style="list-style-type: none">200 000 kr til styrking av Museum Vest si rolle	Framlegg: Held fram
28 Samtidsdokumentasjon og nyare historie	<ul style="list-style-type: none">Ekstraløyvinga på 2 mill. kr til utstillingar, gjennomføringsperiode 2014-2016	Framlegg: Held fram

Delmål Samlingane skal rykkja nærmare publikum

Tiltak	Status	Tilråding
29 Utlån/deponi til kommunane	<ul style="list-style-type: none">Førebels ingen tiltak gjennomført	Det er fleire aktuelle saker Framlegg: Held fram
30 Digitalt museum og interaktiv kommunikasjon med publikum	<ul style="list-style-type: none">Bevaringstenestene skal framleis samordne arbeidet med Primus.100 000 kr til digitalisering: 50 000 kr til Baroniet Rosendal og 50 000 kr til Sunnhordland museumUtvikling av digital applikasjon for mobiltelefonar, til dømes formidlinga av Bryggen, sjå løyving under tiltak 10.	Viktig satsingsområde. Framlegg: Held fram
31 Utgreiing av nye fellestener for IKT	<ul style="list-style-type: none">Førebels ingen gjennomførte tiltak	Framlegg: Vert å kome attende til i kulturplanarbeidet

Koordinering og prioritering av samlingane

Delmål Samlingsforvaltninga ved musea i Hordaland må koordinerast, og som ein del av dette må det skje ei prioritering av samlingane

Tiltak	Status	Tilråding
32 Felles plan for samlingsforvaltninga	<ul style="list-style-type: none">Museumssenteret i Hordaland, Thermo lignum- kammer kr. 900 000, museumsplanmidlar i 2012, 200 000 kr til planarbeid, forprosjekt i 2013, 150 000 kr til arbeid med samlingane i kommunane i Nordhordland.	Dette vert eit prioritert tiltak og satsingsområde i resten av planperioden med omsyn til fellesløyningar. Framlegg: Held fram

Kjerneområde Forsking og kunnskapsutvikling

Rollefordeling og planlegging innan forskning og kunnskapsutvikling

Delmål Musea skal styrkjast innan forskning og kunnskapsutvikling, og må ha planverktøy som definerer arbeidet

Tiltak	Status	Tilråding
33 Plan for forskning og kunnskapsutvikling	<ul style="list-style-type: none">Førebels ingen tiltak	Framlegg: Dette tiltaket vert ein del av tiltak 34.
34 Forskingssamarbeid mellom UiB og dei konsoliderte musea	<ul style="list-style-type: none">50 000 kr til utarbeiding og gjennomføring av workshop våren 2014.	Framlegg: Held fram
35 Master- og doktorgradsstipend for bruk i musea	<ul style="list-style-type: none">Førebels ingen tiltak	Framlegg: Held fram

Immateriell kulturarv

Delmål Forsking, kunnskapsutvikling og formidling innan immateriell kulturarv skal prioriterast

Tiltak	Status	Tilråding
36 Etablering av Hardingfelesenter	<ul style="list-style-type: none">Løyvingar til hovudprosjektet, 300 000 kr.	Framlegg: Held fram
37 Kompetanseheving innan immateriell kunnskap	<ul style="list-style-type: none">Museumssenteret i Hordaland. Treårig prosjekt, senter for ikkje-materiell kulturarv, KUP-midlar (2010)Internasjonalt samarbeid Meeting Point Wood, utstilling haust 2014, Museums-senteret i Hordaland	Framlegg: Held fram
38 Mangfaldsperspektivet	<ul style="list-style-type: none">Brudd-utstilling, Bymuseet og Museum Vest. Utstillingsopning vår 2014.	Framlegg: Held fram

Kjerneområde Formidling

Musea skal generere og formidle kunnskap, samstundes som dei skal overraske og utfordre både emosjonelt og intellektuelt. Utviklinga i digital informasjonsteknologi har skapt ei ny verkelegheit som musea i større grad må ta del i.

Formidling av kunnskap og opplevingar

Delmål Musea skal nå publikum med kunnskap og oppleving og vera tilgjengelege for alle

Tiltak	status	Tilråding
39 Styrking av digital formidling	<ul style="list-style-type: none">Førebels ingen felles tiltakSatsing på digital formidling av Bryggen (Bymuseet og Museum Vest), sjå tiltak 10 og tiltak 30.	Framlegg: Held fram
40 Prosjektilskot til basisutstillingar	<ul style="list-style-type: none">Utstillingsmidlar til fleire basisutstillingar med ekstraløyvinga på 2 mill. kr.	Det er ikkje grunnlag for ei permanent, separat tilskotsordning til basisutstillingar. Musea vil få støtte frå dei ordinære museumsplanmidlane. Framlegg: Held fram
Tiltak 41 Universell utforming	<ul style="list-style-type: none">Universell utforming er eit krav i retningslinene til dei ulike tilskotsordningane på Kultur- og idrettsavdelinga.	Framlegg: Held fram

Musea i samfunnsdebatten

Delmål Musea skal vera aktuelle og ta ei aktiv rolle i samfunnsdebatten

Tiltak	Status	Tilråding
42 Musea i samfunnsdebatten	<ul style="list-style-type: none">• Midlar til utstillingar, sjå tiltak 1• Bymuseet, fokus på offentlege tenester, kr. 100 000, Bergens Sjøfartsmuseum, 50 000 kr til utstillingstiltak	Framlegg: Held fram
43 Fellestenester for publikumsutvikling	<ul style="list-style-type: none">• Førebels ingen tiltak	Framlegg: Vert å kome attende til i neste planperiode.
Tiltak 44 Medverknad ved store jubileum	<ul style="list-style-type: none">• Hordaland fylkeskommune har sett ned ein komité for å koordinere Stemmerettsjubileet 2013 og Grunnlovsjubileet 2014.	Framlegg: Held fram

Målretta formidling

Delmål Musea skal ha målretta formidlingstiltak og tilrettelegging for ulike grupper, med vekt på born og unge

Tiltak	Status	Tilråding
45 Den kulturelle skulesekken	<ul style="list-style-type: none">• Musea deltek med eigne søknader til den kulturelle skulesekken. Talen på søknader bør kunne aukast.	Musea si deltaking i ordninga må drøftast meir eksplisitt. Vert å kome attende til i 2014. Framlegg: Held fram
46 Musea og reiselivet	<ul style="list-style-type: none">• Hordaland fylkeskommune har støtta fleire reiselivsprosjekt der musea er aktive:• Reiseliv i industriens vugge• Den kulturelle fjorden	Framlegg: Held fram